



## MØTEPROTOKOLL

### FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 27.09.2022  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 12:00 - 15:00

#### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

---

#### Andre møtande:

Kommunedirektør Atle Fasteland  
Møtesekretær Sølvi Legård

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
73/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
74/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
75/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
76/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KOMMUNALT VILTFOND TIL OPPSETJING AV HJORTEGJERDE RUNDT GRASENG PÅ GBNR. 58/2 OG 15, LAVIK I EKSINGEDALEN
77/2022	UTTALE TIL FRAMLEGG OM NY FORSKRIFT FOR FISKE UTANFOR VASSDRAG MED ANADROM LAKSEFISKE I VESTLAND
78/2022	OVERORDNA RETNING FOR ORGANISERING AV NÆRINGSARBEID I VAKSDAL KOMMUNE
79/2022	SAMARBEIDSAVTALE MELLOM VAKSDAL IDRETTSRÅD OG VAKSDAL KOMMUNE
80/2022	VURDERING AV PRISORDNING FOR SYMJEHALLEN PÅ DALE SKULE
81/2022	SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFOND



**73/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.09.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 73/2022 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**74/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.09.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 74/2022 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**75/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tekne til orientering.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.09.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak



**FPØ - sak 75/2022 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**76/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KOMMUNALT VILTFOND TIL OPPSETJING AV HJORTEGJERDE RUNDT GRASENG PÅ GBNR. 58/2 OG 15, LAVIK I EKSINGEDALEN**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Viltnemnda, ved Formannskap-/plan og økonomiutvalet (FPØ), løyver inntil kr. 50 000,- eks. mva. i viltfondsmidlar til heimelshavar Anita Furevikstrand Seim for oppsetjing av kring 600 meter med hjortegjerde på gbnr. 58/4 og 2 Lavik i Eksingedalen, som tiltak mot hjorteskaradar på graseng.

Vedtaket er gjort med heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 5, jf. § 1, og vedtektene for kommunalt viltfond pkt. 5.

Tilskotet er løyvd ut frå kr. 119 009,- i godkjend kostnad, med 42 % i finansiering. Lågare dokumentert kostnad kan gje lågare tilskot.

Årleg ettersyn og vedlikehald av gjerdet vert sett som vilkår for tilskotet.

Tilskotet vil bli utbetalt til søkjar sin bankkonto etter oppmoding om sluttutbetaling.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.09.2022**

**Behandling:**

Sakshandsamar Tore Henrik Øye informerte om kva vurderingar som er lagt til grunn for tilrådinga. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

**FPØ - sak 76/2022 Vedtak/Tilråding:**

Viltnemnda, ved Formannskap-/plan og økonomiutvalet (FPØ), løyver inntil kr. 50 000,- eks. mva. i viltfondsmidlar til heimelshavar Anita Furevikstrand Seim for oppsetjing av kring 600 meter med hjortegjerde på gbnr. 58/4 og 2 Lavik i Eksingedalen, som tiltak mot hjorteskaradar på graseng.

Vedtaket er gjort med heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 5, jf. § 1, og vedtektene for kommunalt viltfond pkt. 5.

Tilskotet er løyvd ut frå kr. 119 009,- i godkjend kostnad, med 42 % i finansiering. Lågare dokumentert kostnad kan gje lågare tilskot.

Årleg ettersyn og vedlikehald av gjerdet vert sett som vilkår for tilskotet.

Tilskotet vil bli utbetalt til søkjar sin bankkonto etter oppmoding om sluttutbetaling.



---

**77/2022: UTTALE TIL FRAMLEGG OM NY FORSKRIFT FOR FISKE UTANFOR VASSDRAG MED ANADROM LAKSEFISKE I VESTLAND**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet i Vaksdal kommune sluttar seg til Kommunedirektøren sitt framlegg til høyringsuttale om ny forskrift for fiske utanfor vassdrag med anadrom laksefisk i Vestland fylke.

Uttalen går fram av «Samandrag/konklusjon» og «Vurdering og konsekvensar» i saksutgreiinga.

Formannskapet går inn for å samordne fisketidene i fredningsmunningssona til Daleleva (Dalevågen) med fisketida i elva, der fisketida i elva vert gjort gjeldande; 01.07 – 15.09. Framlegget til endring er gjort ut frå omsynet til villaks i Daleelva. Jf. § 5 a), b) og c) i forskrifta.

Forslaget til endring av fisketid i Dalevågen gjeld berre ned til Stanghelle bru, og formannskapet går inn for fiske etter saltvassfisk med stong og handsnøre frå land is og båt heile året, nedanfor Stanghelle bru (som i høyringsframlegget).

Formannskapet har ut over dette, ikkje framlegg til endringar av framlegget til forskrift.

Kommunedirektøren sender uttalen til Statsforvaltaren i Vestland etter vedtak i formannskapet.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.09.2022**

**Behandling:**

Sakshandsamar Tore Henrik Øye orienterte.

Tilleggsframlegg frå Hege Eide Vik på vegner av Formannskapet:

*Å ivareta innbyggjarane sine interesser og allemannsretten er grunnleggande viktig for Formannskapet. Tidspunktet for høyringa har vore sommaren 2022. I sommarmånadane er det grunna ferieavvikling vanskelegare for frivillige og private å engasjere seg i ei høyring, det same gjeld for offentlege instansar. Knytt til Bolstadfjorden, Ekso og Daleelva er det eit miljø med både forskarar, grunneigarar og folk med stor interesse for fisk og fiske som kjenner fjordsystemet og det tradisjonelle fisket godt.*

*Formannskapet ber om at Statsforvaltaren inviterer til ope møte i Vaksdal kommune om forskrifta før ein går vidare i prosessen. Her er det mykje kunnskap om fisken og området, og stor interesse for korleis ein legg best til rette for at arten skal kunne ta seg opp att. Å lytte til ulike perspektiv frå dette miljøet er svært viktig før ein tar endeleg avgjerd. Formannskapet ber om tilbakemelding på når eit slikt møte vil bli halde slik at kommunen kan gjere det kjend i sine kanalar.*



Thor Andersen, AP, bad om gruppemøte. Etter gruppemøtet la han fram følgjande endringsframlegg på vegner av AP og FRP:

*Erstatning av avsnitt nr.4*

*Forslaget til endring av fisketid i Dalevågen gjeld berre ned til Hellestræ bru, og formannskapet går inn for fiske etter saltvassfisk med stong og handsnøre frå land is og båt heile året, nedanfor Hellestræ bru.*

*Høringsframlegget blir oppdatert i samsvar med endring fra Stanghelle bru til Hellestræ*

**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

Tilleggsframlegget frå Formannskapet vart samrøystes vedteke

Endringsframlegget frå Thor Andersen vart vedteke med 6 mot 1 (SV) røyst

**FPØ - sak 77/2022 Vedtak/Tilråding:**

Formannskapet i Vaksdal kommune sluttar seg til Kommunedirektøren sitt framlegg til høyringsuttale om ny forskrift for fiske utanfor vassdrag med anadrom laksefisk i Vestland fylke.

Uttalen går fram av «Samandrag/konklusjon» og «Vurdering og konsekvensar» i saksutgreiinga.

Formannskapet går inn for å samordne fisketidene i fredningsmunningssona til Daleelva (Dalevågen) med fisketida i elva, der fisketida i elva vert gjort gjeldande; 01.07 – 15.09. Framlegget til endring er gjort ut frå omsynet til villaks i Daleelva. Jf. § 5 a), b) og c) i forskrifta.

Forslaget til endring av fisketid i Dalevågen gjeld berre ned til Hellestræ bru, og formannskapet går inn for fiske etter saltvassfisk med stong og handsnøre frå land is og båt heile året, nedanfor Hellestræ bru.

Høringsframlegget blir oppdatert i samsvar med endring fra Stanghelle bru til Hellestræ

Formannskapet har ut over dette, ikkje framlegg til endringar av framlegget til forskrift.

Kommunedirektøren sender uttalen til Statsforvaltaren i Vestland etter vedtak i formannskapet.

Å ivareta innbyggjarane sine interesser og allemannsretten er grunnleggande viktig for Formannskapet. Tidspunktet for høyringa har vore sommaren 2022. I sommarmånadane er det grunna ferieavvikling vanskelegare for frivillige og private å engasjere seg i ei høyring, det same gjeld for offentlege instansar. Knytt til Bolstadfjorden, Ekso og Daleelva er det eit miljø med både forskarar, grunneigarar og folk med stor interesse for fisk og fiske som kjenner fjordsystemet og det tradisjonelle fisket godt.

Formannskapet ber om at Statsforvaltaren inviterer til ope møte i Vaksdal kommune om forskrifta før ein går vidare i prosessen. Her er det mykje kunnskap om fisken og området, og stor interesse for korleis ein legg best til rette for at arten skal kunne ta seg opp att. Å lytte til ulike perspektiv frå dette miljøet er svært viktig før ein tar endeleg avgjerd. Formannskapet ber om tilbakemelding på når eit slikt møte vil bli halde slik at kommunen kan gjere det kjend i sine kanalar.

---



**78/2022: OVERORDNA RETNING FOR ORGANISERING AV NÆRINGSARBEID I VAKSDAL KOMMUNE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Saka vert teken til orientering slik den føreligg, og dannar grunnlag for kommunedirektør sitt vidare arbeid med struktur på næringsarbeidet i Vaksdal kommune.
2. Ny sak blir lagt fram til politisk handsaming så snart den ligg føre.
3. Endeleg sak vil byggje på dei prinsipp som blir vedtekne i føreliggjande sak saman med eventuelle innspel som kom fram i møtet.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.09.2022**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 78/2022 Vedtak/Tilråding:**

1. Saka vert teken til orientering slik den føreligg, og dannar grunnlag for kommunedirektør sitt vidare arbeid med struktur på næringsarbeidet i Vaksdal kommune.
2. Ny sak blir lagt fram til politisk handsaming så snart den ligg føre.
3. Endeleg sak vil byggje på dei prinsipp som blir vedtekne i føreliggjande sak saman med eventuelle innspel som kom fram i møtet.

---

**79/2022: SAMARBEIDSAVTALE MELLOM VAKSDAL IDRETTSRÅD OG VAKSDAL KOMMUNE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Samarbeidsavtalen mellom Vaksdal idrettsråd og Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.09.2022**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 79/2022 Vedtak/Tilråding:**

Samarbeidsavtalen mellom Vaksdal idrettsråd og Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre.



---

**80/2022: VURDERING AV PRISORDNING FOR SYMJEHALLEN PÅ DALE SKULE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

- Kostandsnivået for billettpris i symjehallen vert vidareført som no i 2023.
- Det vert frå 2023 innført ei ordning der vaksne over 18 år, studentar og honnør kan få tilbod om å kjøpe klippekort som gjev ein redusert billettpris.
- Symjehallen skal ha bemanning/ansvarlege som har gjennomført livredningskurs når den er i bruk

**Levekårsutvalet 20.09.2022**

**Behandling:**

Oversendingsframlegg frå Ole-Anders Brekklus, AP:

*Kommunedirektøren greier ut moglegheita for at brukarar kan betale ein fast sum for bruk av treningsrom Turbinen og symjehall månadleg.*

Oversendingsframlegg frå Lisa Natalie Johnsen Lunde, AP:

*Få oversikt på kva det vil koste å leige svømmehallen i helger. Oversikten blir lagt fram på neste formannskapsmøte.*

**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Oversendingsframlegget frå Ole-Anders Brekklus vart samrøystes vedteke

Oversendingsframlegget frå Lisa Natalie Johnsen Lunde vart samrøystes vedteke

**LEV - sak 17/2022 Vedtak/Tilråding:**

- Kostandsnivået for billettpris i symjehallen vert vidareført som no i 2023.
- Det vert frå 2023 innført ei ordning der vaksne over 18 år, studentar og honnør kan få tilbod om å kjøpe klippekort som gjev ein redusert billettpris.
- Symjehallen skal ha bemanning/ansvarlege som har gjennomført livredningskurs når den er i bruk

**Oversendingsframlegg:**

Kommunedirektøren greier ut moglegheita for at brukarar kan betale ein fast sum for bruk av treningsrom Turbinen og symjehall månadleg.

Få oversikt på kva det vil koste å leige svømmehallen i helger. Oversikten blir lagt fram på neste formannskapsmøte.



**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.09.2022**

**Behandling:**

Framlegg frå Thor Andersen, AP:

*Forslag til vedtak.*

- *Det vert frå 2023 innført ei ordning der barn til og med 16 år får gratis inngang.*
- *Det vert frå 2023 innført ei ordning der pensjonister over 67 år får gratis inngang.*
- *Studenter bosatt i kommunen får gratis inngang i badets åpningstider*
- *Andre betalende grupper får tilbud om å kjøpe klippekort som gjev ein redusert billettpris.*
- *Kostandsnivået for billettpris i symjehallen vert vidareført som no i 2023.*
- *Symjehallen skal ha bemanning/ansvarlege som har gjennomført livredningskurs når den er i bruk*

Oversendingsframlegg:

*Kommunedirektøren greier ut moglegheita for at brukarar kan betale ein fast sum for bruk av treningsrom Turbinen og symjehall månadleg.*

*Få oversikt på kva det vil koste å leige svømmehallen i helger. Oversikten blir lagt fram på neste formannskapsmøte.*

Amalie Johnsen Lunde ba om gruppemøte. Etter gruppemøtet la Kjartan Haugsnes fram følgjande utsetjingsframlegg på vegner av SV, SP, H:

*Saka vert utsett til FPØ sitt budsjettseminar der administrasjonen greier ut dei punkta som kom fram i dette møtet.*

- *herunder gratis basseng*
- *opningstider helg og kveld*
- *auka bruk for lag og organisasjonar*

**Røysting:**

Utsetjingsframlegget vart vedteke mot 2 røyster (AP)

**FPØ - sak 80/2022 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert utsett til FPØ sitt budsjettseminar der administrasjonen greier ut dei punkta som kom fram i dette møtet.

- herunder gratis basseng
  - opningstider helg og kveld
  - auka bruk for lag og organisasjonar
-





**81/2022: SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFOND**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek å tildele inntil 190 000,- til Eksingedalen snarkjøp. Forutsetninga for tildelinga er at butikken sikrar vidare drift gjennom vinteren og at Merkur innvilgar restfinansieringa. Pengane vil bli utbetalt innan Eksingedalen snarkjøp sine fakturaer for omsøkte tiltak forfell. Tiltaka blir finansiert av næringsfondet og kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynt budsjettjustering som følgje av vedtaket. Dersom ikkje heile summen blir utbetalt i 2022, blir resten å budsjettjustere i 2023, etter løpande forbruk.

Budsjettjustering år: 2022/2023

D 14700.7000.3250, inntil 190 000,-

K 19500.7000.3250, inntil 190 000,-

Fond 251080021 (Næringsfondet)

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.09.2022**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 81/2022 Vedtak/Tilråding:**

Kommunestyret vedtek å tildele inntil 190 000,- til Eksingedalen snarkjøp. Forutsetninga for tildelinga er at butikken sikrar vidare drift gjennom vinteren og at Merkur innvilgar restfinansieringa. Pengane vil bli utbetalt innan Eksingedalen snarkjøp sine fakturaer for omsøkte tiltak forfell. Tiltaka blir finansiert av næringsfondet og kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynt budsjettjustering som følgje av vedtaket. Dersom ikkje heile summen blir utbetalt i 2022, blir resten å budsjettjustere i 2023, etter løpande forbruk.

Budsjettjustering år: 2022/2023

D 14700.7000.3250, inntil 190 000,-

K 19500.7000.3250, inntil 190 000,-

Fond 251080021 (Næringsfondet)

---



## ORIENTERINGAR

### Fast orientering frå ordførar, varaordførar og kommunedirektør:

#### Ordførar:

- Oppstartssamling KS Barnevernsløft
- Møte i komite for folketalsverkst
- Digital konferanse om vold i nære relasjonar i regi av Konfliktrådet
- Interne møte
- Kontaktutvalet for K5
- Fylkesstyremøte SP
- Møte på Voss med samferdsleministeren og naboordførarar der temaet var fellesprosjektet K5
- Møte i Forum nye Bergensbanen
- Regionsrådsmøte
- Møte i Kyrkjeleg fellesråd om budsjett/økonomiplan
- Budsjettseminaret vert i år halde loalt (Turbinen) m/middag frå Elvhuset
- Ekstra generalforsamling i BIR i samband med at BIR skal kjøpe IHM

#### Kommunedirektør:

- Barnevernssamarbeidet - tilsyn i Osterøy
- Jamne eiendom invitert til møte i heradshuset
- NAV-samarbeid i region Hardanger/Voss
- Reguleringsplan kollektivterminal Dale
- Utfordringar på Vaksdal Senter
- Voss interkommunale legevakt og nye lokaler
- Informerte om temamøte/politikardag i Kommunestyret 04.10. på hotell Ørnen, Bergen, og budsjettseminar i Formannskapet 31.10./01.11. som vert halde lokalt

## SPØRSMÅL/KOMMENTARAR

### Skriftleg spørsmål frå Kjartan Haugsnes:

#### **Oppfølging av tidlegare henvending gjeldande støy frå Pallegrossisten på Dale.**

Hausten 2020 tok kommunestyrerepresentant Evy Kvamme frå SV opp forhold knytt til støy frå utandørs sag på Pallegrossisten på Dale. Kommunelege og miljøretta helsevern har til dels følgt opp saka, men problematikk kring støy er framleis uløyst.

I brev frå miljøretta helsevern februar 2022 vert naboar som er råka av støyen oppmoda til å gå saman med Pallegrossisten og finne løysingar på støyproblema. Ei slik samhandling kan vere vanskeleg for begge partar.

#### Spørsmål

Vil kommunen ta initiativ igjen, saman med miljøretta helsevern for ei synfaring på Pallegrossisten for saman kome til ei løysing for industriverksemda og naboar slik at støykjelde vert identifisert og eventuelle tiltak for skjerming av bustader vert sett i verk?



**Svar frå ordførar:**

Kommunen vil kontakte styret i sameiget for å få oversyn over kva som er gjort.

Sidan helsevern er ein del av saka kan kommunen ta ei rolle. Ein vil legge til rette for synfaring og møte mellom partane med kommunelege til stades etter å ha vore i kontakt med partane og høyrte kva dei ynskjer.

**Muntlege spørsmål:**

**Kjartan Haugsnes**

22 KV line på Vaksdal

Spørsmål:

Det går ei høgspenline (22 KV) mellom anna gjennom byggefeltet i Flordalen på Vaksdal. Kjenner Vaksdal kommune til om denne lina er planlagt for sanering/flytting? Vil evn. Vaksdal kommune be om at lina vert flytta td. I forbindelse med K5 eller andre planlagde oppgraderingar av høgspennettet i vår kommune?

Svar vil bli gitt i eit seinare møte

**Heidi Rongved**

Om skilting av blindveggar

Kommunedirektøren tek spørsmålet vidare

Ho framførte og ein takk for at trærne på gangvegen forbi Utsikten var klypt

Ordføraren opplyste om at det skulle vore ei orientering frå Statsnett i dagens møte. Dei kunne ikkje komma i dag, og vil i staden komma til møtet den 22. november